

## Skolesentralisering og styring av skolen

Av Sigmund Sunnanå

I dei siste åra har media hatt mange oppslag om dårleg kommuneøkonomi. For å få ballanse i dei kommune- og fylkeskommunale budsjetta, må det sparast pengar. Skolen er ein stor utgiftspost, så han ligg derfor lagleg til for kutt. Ein måte å spara pengar på, er å leggja ned skolar. Dette har stort sett vore mest aktuelt for mindre kommunar, men har også blitt aktuelt for større, til og med Oslo. Det er kanskje eit paradoks at skolen kom betre ut økonomisk då vårt land var eit relativt fattig land enn i dag då vi er eit av dei rikaste.

### Litt historikk

I samband med innføringa av 9-årg obligatorisk grunnskole på 1960-talet blei mange små skolar lagde ned. Det var særleg aktuelt å ha større skolar for ungdomssteget. På 1970- 1980- og 1990 talet blei det nesten berre lagd ned skolar der elevgrunlaget blei svært lågt. Staten overførte pengar direkte til skoleverksemda i kommunane på grunnlag av bestemte kriterium, mellom anna elevtal, behov for spesialpedagogiske hjelpetiltak og skolestruktur. Det var også ei eiga tilskotsordning for bygging og vedlikehald av skolehus. Sakkunnige råd for grunnskolen, vidaregåande opplæring og lærarutdanning hadde stor innverknad på den statlege styringa. I råda var det med representantar frå forskjellige landsdelar og som hadde ulik erfaring og kompetanse når det gjaldt skole og utdanning.

Desse ordningane forsvann med det nye inntektssystemet i 1986 og ny lov for kommunar og fylkeskommunar i 1992. Nå fekk kommunane pengar til skoleverksemda gjennom den generelle rammeoverføringa frå staten. Løyvinga til grunnskolen kunne dermed sjåast i samanheng med andre prioriterte område. Staten skulle styra gjennom lover, læreplanar, vedtak og tilsyn. Kommunane fekk ansvaret for økonomi og skolestruktur. Staten desentraliserte med dette styring av skolen til kommunane, men la samtidig grunnlaget for skolesentralisering på kommunenivå.

Kommunane kunne nå spare pengar ved å leggja ned skolar og samla elevane i større skoleeiningar. I følgje Statistisk Sentralbyrå er det i skoleåret 2024 – 2025 2692 grunnskolar her i landet. Frå skoleåret 2009 – 2010 er det lagd ned 642 grunnskolar. Mange av desse skolane er lagde ned etter massive protestar frå elevar, foreldre og lærarar. I somme tilfelle har protestane ført fram, i andre har lokalsamfunn blitt overstyrde av kommunestyret. Lokalsamfunn har dermed mista eit samlingspunkt og ein viktig del av sin identitet. For å legitimare nedleggingsvedtak har somme kommunar brukt pengar på å betala konsulentar for å gi tilrådingar om skolestrukturen. For å ta vare på nærskolen, er det i somme bygdesamfunn blitt oppretta friskolar/private skolar.

Sentraliseringa har gått berre ein veg: Mindre skolar blir lagde ned, og elevane blir overførte til større. Skolebygg med gode rom for praktiske og estetiske fag er blitt

stående tomme, medan dei større skolane gjerne har fått overfylte klassar og rom for praktiske og estetiske fag har blitt brukt til teoretisk undervisning og til behov for nybygg. For å nytta den samla skolebyggkapasiteten i kommunen betre, kunne kanskje elevar frå større skolar blitt overførde til mindre?

### **Nasjonal og internasjonal forskning**

Skoleforskarane Karl Jan Solstad og Marit Solstad ved Nordlandsforskning har skrive rapporten: ***Små skolar og kortreiste elevar – til det beste for elevar, bygdesamfunn og land.*** I rapporten er det referert til nasjonal og internasjonal forskning på området. Vi kan lesa om økonomi, faglege resultat, sosial læring, helse, skoleskyss og konsekvensar for lokalsamfunn. Mange av eksempla er henta frå Nord Noreg, men er stort sett interessante også for andre delar av landet. Det går fram av rapporten at ulempene ved mindre skolar ofte blir overvurderte, medan fordelane blir undervurderte.

I rapporten er det mellom anna vist til at dei faglege resultatata i mindre skolar kan vera like gode som i større. Det er også vist til studiar som konkluderer med at fådelte skolar kan fungera betre for sosial læring enn fulldelte. I mindre skolar må elevane samhandla med både eldre og yngre elevar og med elevar av motsett kjønn. Vaksenkontakten kan også vera rikare og meir variert. Det er også vist til dei store ulempene lange bussreiser kan ha for elevane si helse. Elevane blir slappe, blir mindre fysisk aktive og gjerne overvektige. Når nærskolen forsvinn, blir beina og sykkelen erstatta av skoleskyss. Dette går ut over både helse og trivsel. Det ein sparar av pengar på skolenedlegging, kan derfor seinare føra til auke i helse og sosial budsjett.

### **Mogelege tiltak**

For å kunne bremsa skolesentraliseringa bør det utarbeidast nasjonale retningslinjer og statsforvalatarane i fylka bør få til oppgåve å godkjenna vedtak om skolenedlegging. Skolestruktur og skoleøkonomi bør ikkje berre vera eit kommunalt ansvar. Det bør også vera eit nasjonalt ansvar å ha velfungerande lokalsamfunn der skolen er ein viktig del. Staten bør derfor bli meir engasjert i den økonomiske styringa av skoleverksemda i kommunane. Departementet har som kjent oppnemnt eit utval, *Fellesskoleutvalet*, som skal gi tilrådingar om utviklinga av skolen i åra framover. Den statlege og kommunale styringa av skolen bør også vera eit tema for utvalet.